

Lure Kraft AS – Uttale til søknad om konsesjon frå Lure historielag

Lure Kraft AS søker om konsesjon for å byggje ut Lureelva kraftverk i Austbygde i Tinn kommune. Lure kraft AS eigast 100% av Tinfoss AS, med moglegheit for framtidig 10% eigarskap for grunneigarane.

Grunngjeving for tiltaket

Grunneigarane med fallrettar ønskjer å utnytte delar av vassressursen i Lureelva i eit nytt småkraftverk for kraftproduksjon. Grunneigarane i prosjektet er: Statskog på vestsida av Lureelva og Dale og Fossheim/Skifterud på austsida.

Det vil årleg bli produsert om lag 5,64 Gwh rein og fornybar energi som svarar til eit normalt strømbelov for omlag 280 husstandar.

Det blir uttrykt at ei utbygging vil gje eit positivt bidrag til å redusere underdekninga i landet si kraftforsyning. Utbygginga vil gje inntekter til eigarane av kraftverket. Det forventast at ein god del av oppgåvene i tilknytning til bygging av kraftverket vil bli utført av lokale verksemdar. Noko av investeringa vil av den grunn også tilfalle Tinn kommune gjennom ordinære skatteinntekter både i bygge- og driftsfase.

Spørsmål som er ønskjeleg å få svar på i høyringsuttale

- Bør planane gjennomførast
- Val av alternativ eller forslag til avgrensing av planane
- Grunngjevne forslag til avbøtande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper
- Gjev søknaden tilstrekkelege opplysningar om tiltaket sine verknader

Saksopplysingar – Vurderingsgrunnlag

- Tinn er 3.største vasskraftproduserande kommune i Norge. Kraftutbygginga påverkar store delar av kommunen. Austbygde/Tessungdalen og Hovin er einaste dalføre utan kraftutbygging.
- Austbygde/Tessungdalsåe har vernestatus. Hovudregelen er at det ikkje skal byggjast kraftverk i verna vassdrag, men det er opna for mindre kraftprosjekt, i dette tilfelle Lure Kraft AS med installert effekt like under 1 MW. Det er vilkår om at verneverdiane ikkje må bli forringa. Landskap, biomangfald, kulturminner og friluftsliv må vege tungt. Det må vera ei variert og romsleg vassføring slik at naturtilstanden ikkje blir øydelagt. Naturmangfoldet slik som leveområde for fisk, dyreliv og planter i nedbørsfeltet skal kartleggast og skånast for inngrep. Av fysiske inngrep som vegar, kraftliner, rørgater(også nedgravne) og bygningar i tilknytning til anlegget gjev eit varig fotavtrykk i naturen som må minimerast.
- Samla konsekvens i konsesjonssøknaden er vurdert til: Noe negativ. Noe negativt for : Naturmangfold, Kulturmiljø, landskap og Naturressurser.
- Redusert vassføring gjennom året, 17,4%, er rekna ut frå midlere årsavrenning på 59,59 millionar m³ vatn. Av dette er det rekna ut nyttbar vassmengde til produksjon i året tilsvarende 10,37 millionar m³.
- Samfunnsnytta av kraftutbygginga i Lure har ein viss verdi, kraftproduksjon 5,6 Gwh – tilsvarende gjennomsnittleg forbruk til 280 husstandar. Når det gjeld samfunnsnytta i verna

vassdrag, så skal det sterk dokumentasjon til for at fordelane, veg tyngre enn ulempene for naturvernet.

- Investering i lokalsamfunnet, 32 mill kroner, som tilsvarar kostnadsoverslaget i prosjektet.
- Investeringen vil føre med seg 5-6 årsverk i planleggings- og byggfase, samt noko tilsyn i driftsfase, kanskje opp mot 1 årsverk.
- Forutsett sum pris og grøne sertifikat på 50 øre pr. kwh, vil årlege inntekter kunne bli 2,8 mill kroner.
- Det er inngått avtale om fallrettar med grunneigarane, inklusive diverse festeavtaler med avgifter knytt til anlegga i tiltaket.

Vurdering av søknaden

Vatnet i Lureelva har til alle tider hatt stor betydning lokalt for bygdesamfunnet som soknar til, men og langt utanfor det lokale. Elva har gjeve kraft til slik som kvennhus for maling av korn, vadmestamper, slipesteinar, tømmerrenne, og ikkje minst det vi kan kalle den førtids industrielle utviklinga av oppgangssager, sirkelsager, Lureelvans ljå og knivsmie, mm. Mange av desse kulturminna utnytta til dels betydelege vassmengder når dei var i drift. Vatnet vart imidlertid ikkje fjerna frå elva, det vart teke inn frå elva i produksjon og tilbakeført til elva nedstrøms etter bruk. Vi har kjennskap til eit unntak frå dette, og det gjeld Dale-saga som står nede ved fylkesvegen. I den perioden denne saga vart driven med vasskraft, så vart avløpsvatnet etter bruk i produksjon ført i eige avløp direkte ut i Austbygdåe.

Lureelva kraftverk sitt uttak av vatn blir i sin heilheit ført til avløp direkte i Austbygdåe etter strømprduksjon i kraftstasjonen, som er planlagt oppført ned mot fylkesvegen. Det skal og opplystast om at det hentast vatn frå Lure til jordbruksvatning i Luråsgrenda og litt til dei næraste delane av Øvrebygd.

Utbygging av planlagt kraftverk omfattar desse synlege naturinngrepa: Liten dam eller terskel i tilknytning til inntak; opp til 1 m høg og 30 meter lengde. Det skal byggjast 2 permanente vegar, 3 m breidde, 200 + 100 m lengde. Rørgata, med 500mm rør blir nedgravd, 1025 m, 30 m bredde i anleggsperioden, seinare køyrbar trase for ATV. Kraftstasjonsbygg, ca 90 kvm, 4-500 kvm uteareal.

Naturinngrepa strekkjer seg i eit område som har vore i aktiv bruk til landbruksformål over historisk lang tid, med skogbruk, jordbruk og beitebruk. Store delar av skogen i området der rørgata er planlagt er uthoggen for relativt kort tid sidan pga vindfallstorm. Siste skogstykket opp mot vassinntak består av ungsog etter tidlegare hogst og planting. Det er eit nettverk av enkle skogsvegar i aktuelt planområde. Det er av den grunn lite truleg at det planlagte kraftverket vil føre til vesentlege endringar for naturmangfoldet i det aktuelle anleggsområdet. Det er imidlertid registrerte kulturminner, fleire kvenner, eller rester av slike langs elva heilt opp forbi Fossheimbrua over Lureelva.

Vi er litt usikre på om det i tilknytning til kraftverksplanane er gjort aktive undersøkingar med føremål å lokalisere andre typer kulturminner som kolgroper, jernutvinningsanlegg, steingjerder mv, eller andre operasjonar som vatnet i Lure har vore bruka til. Det er kun offisielt registrert 3 kolgroper i området aust for Lurheim. Etter som kolbrenning har vore ei betydeleg verksemd i området, er det rart om det ikkje fins fleire av typen kolgroper.

Lure kulturminneområde er for Lure historielag naturleg nok kjerneområdet i tilknytning til søknaden om kraftutbygging.

Vi meiner det er lagt for liten vekt på sentrale naturverdiar som det unike fossefallet betyr i denne delen av Lurevassdraget, gjennom landskapselementet og kulturminnene. Opplevelsesverdi,

attraksjon, formidling og bruken av kulturminneområdet, er utan tvil sterkt kopla til det spektakulære fossefallet frå topp til botn med skum, damp, lyd, fossevirkning og mengder med vatn. Det visuelle har stor betydning. Fossen har stor verdi som fotoobjekt for turistane langs fylkesvegen og i kulturminneområdet.

No er det også slik at i flaumperiodar, spesielt utover våren, så er det så mange m³ med vatn i elva at ein truleg vanskeleg vil kunne observere at kraftverket tek vekk 441 ls til kraftproduksjon. Det spektakulære vil da framleis oppretthaldast. Utover sommaren når vassføringa minkar vil vi oppleve lengre tidsperiodar med minstevassføring (og mindre), enn om det ikkje vart teke ut vatn til kraftverket, altså oppretthalde dagens situasjon. Dette faktum trur vi vil kunne føre til redusert interesse og verdi av det etablerte kulturminneområdet for turisme/reiseliv og aktivitetar. Også vinterstid vil vassføringa til dels slå ut på nemnte måte, men da har det mindre betydning for det visuelle i kulturminneområdet, ettersom elva normalt er islagt.

Med dette som bakteppe meiner vi det er gode grunnar for å sette samfunnsnyttan av kraftproduksjon opp mot våre lokale verdier og attraksjonar i kulturminneområdet. For våre verdier vurderast det som meir enn «noe negativt», med planlagt kraftutbygging.

Om bygging av kraftverket skulle bli godkjent, vil det vera nærliggjande å snakke om avbøtande tiltak og/eller alternativ i anleggsplanane.

For å behalde normal vassføring slik det er i dag, i nederste del av Lureelva, vil eksempelvis flytting av kraftstasjonen til oppstrøms gamal bru sikre at avløpsvatnet frå produksjonen renn ut i Lure istadenfor direkte ut i Austbygdåe.

Vi har kjennskap til at det er interesse i kraftselskapet for å støtte opp om aktuelle tiltak i kulturminneområdet. Som eit avbøtande tiltak, ved evt. godkjenning av anleggsplanane, er vi gjerne med på avtale om framtidig budsjettpost i driftsselskapet til Lure Kraft AS, til støtte for investeringar i nye tiltak og/eller vedlikehald av tiltak i kulturminneområdet.

Konklusjon

Det visast til saksopplysningar og vurderingar i utgreiinga ovanfor.

Ved eventuell godkjenning for utbygging av planlagt kraftverk i Lureelva, meiner vi det er teke for lite omsyn til viktige naturverdier som har stor betydning for Lure kulturminneområde. I ein slik situasjon legg vi derfor til grunn gjennomføring av avbøtande tiltak og/eller alternativ i anleggsplanane slik det er gjort framlegg om.

Austbygd 18/8-2026

Lure Historielag
Styret